



Sirdal

## Årsmelding Sirdal bygdekvinnelag 2021



Sirdal

Bygdekvinnelaget har 25 medlemmar pr. 24.10.21. Det er to (2) fleire medlemmar enn førre årsmøte, der sju (7) har meldt seg inn og fem (5) har meldt seg ut/blitt sletta frå lista sidan sist. Det er framleis mogleg å vera støttemedlem. Då har ein ikkje røysterrett, men held oppe medlemstalet i lokallaget. I 2019-2021 har det vore prøveordning med halv pris for dei under 30 år. Kontingenten for 2021 er kr. 695,-/350,-, der 84% går til NBK og 16% til fylkeslaget. Lokallaget sponsar kr. 100,- per medlem om ein sjølv bed om det.

### Styret 2021:

Leiar:	Tone Østtveit Kvinen (på val)
Nestleiar:	Eva Marianne Tennfjord (eitt år att)
Sekretær:	Åse-Berit Fidjeland (på val)
Kasserar:	Anita Haugen (på val)
Styremedlem:	Helga Hadland (eitt år att)
1. vara:	Siri Fidjeland - møter fast på styremøta (på val)
2. vara:	Anette Grønning (på val)
Valkomitè:	Helin Morel og Solveig Marie Ådneram (på val)
Revisor:	Anne Mette Hovland (på val)

### Aktivitetar og arrangement:

Styret hadde konstitueringsmøte (digitalt) 10.11.20, og har hatt sju (7) styremøte i løpet av året. Me planla for rask attopning av landet, men det gjekk ikkje heilt slik, så både basar og temakveld om bygdeutvikling har blitt utsett. Det vart heller ikkje kurs i keramikk/glas eller refleksjakt, og ingen trong vera bøsseberarar for Plan Norge. Mest folk trekte bli kjend-turane der me var oppe i 36 personar på det meste.

- 01.12.20: Julegrantenning med fakkeltog saman med bygdetunet og kyrkja trekte rundt 80 små og store
- 15.12.20: Persesyltekveld for sju (7) damer
- 09.02.21: Familielkveld i akebakken på Haugen med 27 aktive barn og 19 vaksne
- 21.02.21: Skidag i Bruåsen, Tjørhom for tretti (30) små og store, og tre (3) jenter som gjekk tur i Fåråsen
- 18.03.21: Kurs i jordeplekakebaking trekte åtte (8) damer, derav to nye medlem
- 08.05.21: Matnyttige planter var det tre (3) damer som plukka i Stavanger-området og laga mykje godt av på Kvæven
- 20.05.21: Blometur til Hove plantesenter frista fem (5) medlemmar
- 04.06.21: I år blei det endeleg temamøte på Norspinn og ølsmaking på B20, sjølv om det vart utsett eit par gonger. Ni (9) damer melde seg.

I tillegg vart det to arrangement som ikkje stod på planen saman med Kvæven bygdetun og Sirdal kultur- og historielag i samband med Heimesommar 2021:

30.06.21: Sirdal i litteraturen samla 15 personar, dei fleste lokale

26.07.21: Kunst i Sirdal og andre historier samla 29 sirdølar og hyttefolk

28.09.21: Ystepikene på Varhaug fekk, etter fleire utsetjingar, besøk av ni (9) damer frå Sirdal

24.11.21: Juledekorasjonskurs med sju (7) påmelde så langt

Lesesirkelen med sju medlemmar held fram med å møtast på biblioteket siste måndag i månaden, og 23. november møtte dei Gert Nygårdshaug på skjerm i samband med Den norske forfatterforening sitt "Lån en forfatter"-prosjekt. Rapport vart skriven. Ingeborg Selma Kvæven på bygdetunet inviterte til utstillinga "Eg er" om språk og identitet frå Nynorsk kultursentrum 8. desember.

Tradisjonen tru arrangerte Sirdal bygdekvinnelag "Peparkakebygda" saman med biblioteket, dvs. for sjetteste gong, der det kom inn åtte (8) bidrag, som var færre enn me håpa på i ei roleg adventstid.

Det er delt ut 16 velkomsthelsingar, blomar og informasjonsskriv til nye innbuarar, og me vil gjerne ha tips så snart nokon flyttar til bygda. Under valkampen fekk me lesarinnlegget "Me har inga matjord å mista" på trykk i Agder - Flekkefjord tidende, og me har støtta opp om *Hald Sirdal rein*-aksjonen.

Bygdekvinnelaget er aktive både på Facebook og heimeside, der den første er kjekk for å følgja med på kva som skjer, og den siste for møtereferat og ei oppsummering av aktivitetar. Åse-Berit Fidjeland skal halda kurs om heimeside-skriving på RBK si lokallagssamlinga i Haugesund 20. november saman med Heidi Netland Berge.

Åse-Berit Fidjeland har deltatt på to digitale "Kaffe og inkludering" i regi av NBK i løpet av vinteren, og Eva Tennfjord, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland deltok på digital lokallagssamling 25.01.21 saman med Solveig Marie Ådneram som representerte RBK. Eva Tennfjord og Åse-Berit Fidjeland var òg med på digitalt årsmøte 20. mars for SBK, medan Solveig Marie representerte RBK. 31. august var Anette Grønning, Helga Hadland, Åse-Berit Fidjeland (SBK) og Solveig Marie Ådneram (RBK) på digitalt sesongstartsmøte i RBK, der Åse-Berit Fidjeland fortalde kort om bygdeutviklingsprosjektet. Planlegginga går for fullt. Tone og May Britt skal på inspirasjonsseminar på Lillehammer 5.-7. november.

Det må kunna kallast eit aktivt år trass alt.

Fidjeland 25.10.21, Åse-Berit Fidjeland (skrivar)



Sirdal